

Eikanger-Bjørsvik Musikklag (EBML)

Årsmelding

*Styret i EBML si årsmelding for 2013
Lagt fram for årsmøtet i EBML 14.02.13*

A – Administrasjon

1. Styret

Etter valet på årsmøtet, 15.02.2013, med påfølgjande konstituering, vart styret i Eikanger-Bjørsvik (EBML) samansett slik:

Leiar: Geir Rydland - 1 år

Nestleiar, drift: Viggo Bjørge – ikkje på val

Nestleiar, planlegging: Tore Bryne Berg – 2 år

Styremedlem: Eirik Helland – ikkje på val

Styremedlem: Toril Ones – ikkje på val

Styremedlem: Nina Mjanger Eide- 2 år

Varamedlemer:

Frederick Schjelderup Grethe Tonheim og Marit Tømmermo – alle for 1 år

Valnemd: Marit Holm, Svein Fjermestad og Monica Vabø Reigstad

Styret hadde 9 ordinære møter i 2013. Styret har i tillegg til vanlege styremøte også behandla ei rekke hastesaker via e-post. Varamedlemene har vore innkalla til styremøta.

Styreleiar Geir Rydland informerte valnemd og styret i januar 2014 at han ikkje kunne stilla til val for ny periode, og at han søkte permisjon ut perioden grunna jobb og tidspress. I styremøte 14.01.14 vart permisjon innvilga og Viggo Bjørge vart konstituert som styreleiar fram til neste val. Marit Tømmermo gjekk frå verv som varamedlem til styremedlem ut perioden.

2. Gruppeleiarforum

Gruppeleiarforumet er rådgjevande i besetningsspørsmål og sesongplanarbeidet. I hovudsak består forumet av gruppeleiarane i korpset som held nær kontakt med fast dirigent Reid Gilje.

3. Korpsutvalet

Utvalet har som oppgåve å syta for at naudsynt informasjon om øvingane vert spreidd til medlemmane. Etter konsertar/prosjekt skal KU syta for at medlemmane evaluerer oppdraget og presentera resultatet på internsidene i etterkant. Dei tar òg ansvar for sosiale tiltak i medlemsmassen. Medlemer har vore: Marit Holm (leiar), Svein Fjermestad, Trond Helland og Astrid Eide

Utvalet har hatt to møter i løpet av året. Utvalet har i tillegg til vanlege møte også behandla ei rekke hastesaker via e-post.

4. Ungdomsråd

Ungdomsrådet består av Astrid Eide(leiar), Ingebjørg M. Myking og Torstein Sollien.

5. Lønna engasjement

Reid Gilje er tilsett som musikalsk leiar, gjennom avtale med Lindås Kulturskule.

6. Revisor

Revisorar i 2013 har vore Bjørnar Eide og Øystein Hagesæther.

B - Økonomi.

2013 var nok eit aktivt år for EBML. Støtte frå samarbeidspartnarane våre har gjort at me kunne vidareføre satsinga på konsertar. Norsk Kulturråd har også gjeve støtte til konsertserien med kr. 100.000.-.

Den nye momskompensasjonsordninga gjev oss og eit godt tilskot.

Grunna god søknad med bakgrunn i ungdomsarbeidet vårt, vart me og tildelt støtte til dette arbeidet frå Sparebanken Vest/Visjon Vest.

Deltaking i EM krev mykje av korpset, både økonomisk og på andre måter. Men takka vere godt arbeid, ikkje minst frå Sølvi/Unison fekk me god støtte til deltakinga i Oslo, og EM vart ikkje den økonomiske belastninga det ofte kan vere.

Me fikk og tilskot til bestillingsverk av Stig Nordhagen.

Elles har det vore gjort mindre investeringar i utstyr, uniformer og anna, og vedlikehald av lagsbilen krev også sitt.

Oppsummert kan ein sei at året 2013 vart eit godt år på mange måter, også økonomisk. Men styret er svært merksam på at FLT-avtalen skal reforhandlast i 2014. Slike avtaler er særst viktige for den vidare utviklinga til ensemblet.

Me viser elles til rekneskapen.

C – Medlemskap

Faste utøvande medlemmer:

Torstein Holmås, Eb kornett
Henning Anundsen, Bb kornett
Marit Holm, Bb kornett
Anne Lise Sæterdal, Bb kornett
Christopher Røedvang, Bb kornett
Martin Philip Winter, Bb kornett
Tina Foseide Toklum, Bb kornett
Geir Haukås, Bb kornett

Ingebjørg Eide, Bb kornett
Lena Schönhardt, Bb kornett

Gyda Matland, Flygelhorn
Alice Fagerdal, Eb horn
Aidan Smith, Eb horn
Tone-Renée Gjendemsø, Eb horn

Nina Mjanger Eide, Baryton
Astrid Eide, Baryton

Grethe W. Tonheim, Trombone
Sølvi Ones, Trombone
Tore Bryne Berg, Bass Trombone

Patrik Randefalk, Euphonium
Jannicke Eide Ellingsen,
Euphonium
Lars Otto Torsvik, Euphonium

Magnus Brandseth, Eb Tuba
Trond Helland, Eb Tuba
Fredrik Berentsen, Bb Tuba
Kristian Grotle, Bb Tuba
Erlend Gjersvoll Brandsøy, Bb
Tuba

Svein Fjermestad, Slagverk

Fredrick Schjelderup, Slagverk
Torstein Åvar Sollien, Slagverk
Mathias Johan Matland, Slagverk
Kim Systad, Slagverk
Andreas Lien Røe, Slagverk

Medlemmer i permisjon: Monica
Vabø Reigstad

Øvrige medlemmer:

Geir Rydland
Viggo Bjørge
Eirik Helland
Reid Gilje
Toril Ones
Marit Tømmermo

Æresmedlemmer

Svein Jarle Bjørsvik
Sigurd Gjelsvik
Oddvar Bjørge
Ivar Nordland
Viggo Bjørge
Edy van Asch
Helge Haukås
Bjørn Olav Hagesether
Øystein Hagesæther

Johannes Kalvik
Tom Brevik
Knut Harald Rydland
Odd Idar Bjørsvik
Howard Snell
Rolf Bjørge
Rune Mjanger
Per Herland

Det vart ikkje utnemnd nye æresmedlemmer i 2013.

Støtteapparat

Støtteapparatet har bidratt nok ein gong med uvurderleg støtte under korpset sine konsertar. Me takkar Per Herland, Oddvar Bjørge og Øystein Hagesæther som har vore på plass når slagverk skal berast og fraktast, og når lunsjmat skal lagast. Korpset skuldar dei stor takk!

D – Reiser og turnear

3.- 4. mai: Em Brass i Oslo.

4.- 6. oktober: Seminar i Eidfjord for skulekorps i Hardangerregionen,

invitert av NMF Hordaland.

25.-26. oktober: deltaking på FLT sitt landsmøte i Oslo

2. november: Siddis Brass i Stavanger

E – Instrument, effektar, bilhald

Musikklaget eig musikkinstrument og utstyr for store verdiar. EBML eig ein MAN lastebil 1998-modell med lift, som vert nytta til frakt av slagverk.

I tillegg til eigne instrument eig laget òg eit Yamaha C7 konsertflygel, ei gåve frå Inger Johanne og Roar Ektvedt. Sjå vedleggsdelen for detaljar.

F – Instruksjon

Dirigentar har vore: Reid Gilje (fast dirigent), David King, Bengt Florvåg, Frode Rydland, Andreas Hansson, Howard Snell, Philippe Bach og Sindre Dalhaug.

Instruktører: Frode Rydland, Bengt Florvåg, Hans Petter Stangnes, Sindre Dalhaug og Manuel Hofstatter

G – www.ebml.no

Styret har som ambisjon at sidene skal vera aktuelle og gje både eksterne og interne brukarar informasjon om laget sin aktivitet. Besøket på sidene varierer med årstida, med tydelege toppar like etter t.d. NM og Siddis. Den nye utgåva av nettsidene vart lansert våren 2013. EBML si side på Facebook vore monaleg meir i bruk eksternt enn www.ebml.no

H - PR, media, marknadsføring

Det vert kontinuerleg arbeida med å halde oppe EBML sin profil, og ein søker stadig å finne nye stader å få gjennomslag for våre presseoppslag. Dei store konsertane våre får regelmessig omtale på det skjer-sidene i Bergens Tidende, Bergensavisen, Avisa Nordhordland og Strilen

Me har ein annonseavtale med BT som gjev god rabatt på annonsar for konsertserien. EBML har og avtale med Avisa Nordhordland om annonsering og samarbeid om lysfesten.

Bransje- og nisjeredaksjonar er generelt opptatt av EBML sine prosjekt. Me er jamleg omtalt i Ambis, Brass Band World, The Brass Herald, British Bandsman og 4barsrest. NRK P2 har spelt musikk av EBML ved fleire høve, til liks med BBC radio.

I 2013 har EBML vorten særst mykje meir aktiv på Twitter, Instagram og Facebook. Desse sosiale mediene er no av dei viktigaste marknadsføringskanalane for EBML.

Eb tubagrappa, principal- og Ebkornettist var representert på 4barsrest sitt "All Star Team".

Videoar av EBML lagt ut på nettstaden youtube.com har og vore sett av mange.

NRK1 sin serie "Korpsfiksert" hadde premiere i februar, og hadde å episodar fram mot EM i Oslo. Serien var ein stor suksess og vart via nett-TV også sett over heile verden. EBML var også mykje profilert i TV, radio og aviser i samband med EM-deltakinga. I nettstaden 4barsrest si kåring vann "Korpsfiksert" prisen som årets nyskaping i korpsåret 2013.

Ved utgangen av året var også EBML representert i NRK-programmet "Musikkåret 2013".

I - Representasjon

Eirik Helland er leiar i regionstyret i NMF Hordaland.

Viggo Bjørge er med i kontrollkomitèen i NMF Hordaland

EBML var også i 2013 "Born to Play" ambassadørar for NMF.

J – Organisasjon

EBML er medlem av Norges Musikkorps Forbund, og sorterer under regionen NMF Hordaland.

K – Lagshus og øvingsrom

Musikkhuset i Knarvik vert meir og meir brukt.

Faste brukarar utanom EBML er Oster Brass og Knarvik Skulekorps. I tillegg vert huset nytta av andre, av dei som har vore innom kan nemnast Bjørsvik Brass, Lindås Brass og Kleppe Musikklag .

Huset vert og nytta til Feriespel, EB junior, trombonesamlingar og anna.

Fram til no har driften vore finansiert av EBML, men kostnadene med reingjering, og vanlege driftsmidlar skal delast mellom brukarane. Elles er det planlagt bygging av mezzanin/hems i 2014. Dette vil betre lagringsplassen i huset.

L – Konkurransar

EBML deltok ved følgjande konkurransar i 2013

Noregsmeisterskapen (8. og 9.februar)

Dirigent: David King

Pliktnummer: "A tale as yet untold", Philip Sparke

Sjølvald: "Spirit", Thomas Doss

Plassering: 1

Europameisterskapen (3. og 4.mai)
Dirigent: David King
Pliktnummer: "Myth Forest", Stig Nordhagen
Sjølvald: "Spiriti", Thomas Doss
Plassering: 2

Siddis Brass (2.november)

Dirigent: Reid Gilje

Program:

1. "Birdland" (Josef Zaniwul, Arr: Reid Gilje/Erik Eillertsen)
2. "A quiet place" (Ralph Carmichael, Trans: Frode Rydland)
3. "Chump cange" (Quincy Jones, Arr: Frits Bayens/Reid Gilje)
4. "All of Me" (Gerald Marks, Seymour Simmons, Arr: Billy May/Reid Gilje)
5. "The moon is a Harsh Mistress" (Jimmy Webb, Arr: Reid Gilje)
6. "Hello Dolly" (Jerry Herman, Arr: Sonny Anderson/Reid Gilje)

Plassering: 2

M – Ungdomsprogrammet

EBML satsar sterkt på rekrutteringsarbeid i lokalmiljøet. Dette er viktig for skulekorpsa i regionen og for korpset sjølve på sikt.

Sumaren 2013 arrangerte vi Feriespelet for 16. gong. Også i år var det ein stor suksess, kring 90 ungdomar var med. Dei eldste fekk tilbod om å kome torsdag, slik at dei fekk ein dag meir enn resten.

Eb-junior vart gjennomført to gonger I 2013. Første samling var helga 13-14 april. Dirigent denne gongen var Bengt Florvåg, og korpset deltok også på EBML sin før-EM konsert I Peer-Gynt salen måndag 29. april.

Nyskapinga Mini-EB hadde si første samling laurdag 13. april under leiing av Svein Fjermestad. Dette ere it tilbod til dei aller yngste musikantane. Aspirantar som har fått si første opplæring rundt omkring I skulekorpsa får her prøve seg i samspel i lag med andre likesinna og vaksne støttespelarar. Arrangementet vart ein suksess.

Andre samling med EB-junior vart arrangert helga ??? . Dirigent denne gongen var Andreas Lien Røe. Samtidig vart det arrangert samling for "dei mellomste ", musikantar I barneskulealder som har spelt minimum eitt år. Dirigent for desse var Christopher Rødvang, og også dette vart ein suksess.

Det vart også I 2013 arrangert sit-in for dei lokale skulekorpsa før NM for skulekorps i juni. Det har også vore arrangert to trombonesamlingar.

Som Born to Play- ambassadør var EBML ei helg i Eidfjord og underviste dei lokale skulekorpsa der. Mange bidrog med undervisning, og det heile vart leia av Reid Gilje.

N – CD-utgjeving

Korpset spelde inn Gaia Symphony og Eden av den engelske komponisten John Pickard i juni. CD'en skal gjevast ut på det verdskjende svenske selskapet BIS i 2014.

O – Sponsor og støttespelarar

Hovudsponsorar:

EBML har også i 2013 hatt ein hovudsamarbeidsavtale med Forbundet for Ledelse og Teknikk (FLT). EBML har også halde fram med samarbeidsavtalen med Addisco.

Samarbeidet mellom EBML og Fagforbundet FLT og deira utdanningsselskap Addisco er tufta på felles verdigrunnlag og historie. Gjennom samarbeidet vil EBML og FLT/Addisco inspirera og støtta kvarandre til å nå måla om å nå ut med våre budskap til eit bredt publikum. FLT organiserer mellomleiarar og funksjonærar og har i dag ei medlemsmasse på omlag 21 000 fordelt på 109 avdelingar over heile landet.

FLT og Addisco har, som EBML, eit sterkt fokus på rekruttering for å auka si medlemsmasse og ynskjer å nytta EBML i sitt arbeid for å synleggjere sitt unike tilbod innanfor etter- og vidareutdanning. I januar spelte EBML konsert for dei uteksaminerte studentane i FLT/Addisco sitt eige utdanningsprogram ved Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen. Konserten vart halden i Terminus Hall. Helga 25. oktober – 27. oktober deltok EBML på FLT kongress i Folkets Hus, Oslo.

Andre samarbeidspartnarar

EBML vidareførte sin avtale med Avisa Nordhordland om annonsering. Avtalen utgjer eit betydeleg beløp og som er viktig for vår forankring i lokalmiljøet. Me har vidareført vårt langvarige samarbeid med Reklamehuset og Eikanger Hagesenter. EBML har i 2013 inngått nye bedriftsavgattalar med Knarvik Senter og Musikkmiljø.

Korpset rettar ein stor takk til Unison for eit framifrå samarbeid i året som er gått.

EBML vil takka alle andre bidragsytarar i året som gjekk, små og store verksemder som med annonsestøtte og andre tenester har hjulpet korpset økonomisk.

Støttelaget talde om lag 30 medlemmar ved utgangen av 2013 og mottek medlemsbladet "Brass" 4 gonger om året.

P – Organisasjonsutvikling

Det er eit ynskje å kontinuerlig utvikla og styrkja organisasjonen i og kring Eikanger-Bjørsvik. Dette året har det vore gjennomført regelmessige evalueringar etter dei ulike oppdraga. I tillegg vart det i forkant av medlemsmøte i desember laga ei spørjeundersøking med fokus på nokre sentrale emner.

I samband med premieren på Korpsfiksert fekk korpset ei økt med psykolog og mediecoach Heidi Montgomery. Dette var nyttig med tanke på å handtere merksemd som følge av medieeksponeringa.

Q – Arrangement, prosjekt, konsertar

Eikanger-Bjørsvik har også i 2013 vore aktiv på ulike aktivitetar og nivå. Dei lokale arrangementa har vore Feriespel, Sit-in med lokale skulekorps, 2 samlingar med EB-junior, ensemblekonsert i Musikkhuset, premieshow i samband med KnarvikMila og konsert i Knarvik Senter.

Andre større arrangement/prosjekt har vore motivasjonsseminar i Eidfjord, FLT sitt landsmøte, vitnemålsmarkering for Addisco, konsertserien i Bergen og konkurransane.

Totalt har det vore over 100 samlingsdøgn. Sjå vedlegg for detaljinformasjon.

R – Sluttord

Styret vil takka alle medlemmane for utmerka innsats i sesongen. Ein særleg takk går til støtteapparatet og alle andre som yter meir enn dei eigentleg må for at EBML-skuta skal segla.

Vår faste dirigent Reid Gilje må takkast særskilt for sitt arbeid med stadig å forbetra korpset musikalsk.

2013 var eit godt år for Eikanger-Bjørsvik Musikklag. Økonomisk har korpset vore gode til å balansera kostnader og utgifter, konsertproduksjonane har vore utmerka og konkurransane har alle vore gjennomført på høgt nivå. 2013 har vore det mest medieeksponerte året i korpset sin historie, i særleg gard grunna NRK1 sin TV-serie "Korpsfiksert". Denne vart særst godt motteke landet rundt, og også i utlandet vart denne lagt godt merke til. Styret takkar NRK-teamet for eit særst godt samarbeid.

Eikanger-Bjørsvik sine kjerneverdier er: Felleskap – Engasjement – Kvalitet. Ved sin langsiktige satsning på disse kjerneverdiene har Eikanger-Bjørsvik befesta sin posisjon som Noregs beste brass band både på konkurransearenaen og med konsertserien, som har stadig høgare besøkstall. For at ein fortsatt skal utvikla seg som eit fellesskap er det viktig å sjå langsiktig og ha som mål å bli litt betre neste år. Visjonen til EBML om å vere eit av europas beste brass band er ambisiøs og krever langsiktig jobbing både internt og eksternt.

Me ynskjer nye medlemmer velkomne og takkar særst mykje for innsatsen til medlemmer som trer attende.

Styret takkar også for tilliten gjeve av årsmøtet 2013 og ynskjer nytt styre lukke til i sitt arbeid.

Knarvik 14.02.2014

Viggo Bjørge, konstituert leiar

Tore Bryne Berg, nestleiar

Nina Mjanger Eide, styremedlem

Eirik Helland, kasserar

Marit Tømmermo, styremedlem

Toril Ones, styremedlem

Frederick Schjelderup, varamedlem

Grethe Tonheim, varamedlem